Bokn kommune



**REFERAT FRÅ MØTE I FAU – BOKN SKULE – KL. 17:00, TYSDAG 05.03.2019**

Hjertelig velkommen til møte i FAU på Bokn Skule. Oppmøte på kjøkkenet på skulen.

**Desse møtte**: Joakim Lund, Anne Faye, Tore Lund, Heidi Brekke, Merete Alvestad, Solrunn Alvestad, Anita Knutsen, Runa Schmeichler, Trond Foss, Anne Lisabeth Jøsang, Zuzanna Ufnal.

| Sak | Beskriving av sak | Saksansvarleg / evt.vedtak |
|---|---|---|
| 1 | **Presentasjon av ny Rektor – Joakim Lund**<br>*Ny rektor presenterte seg og prata ein del om korleis man arbeider med FAU, og hvilke saker man tar opp i dette organet. Det er foreldra som er den første og viktigaste læraren til sitt barn, og foreldra sitt engasjement rundt skulen og understreking av kor viktig skulen er, betyr mykje for korleis barnet sjølv ser på skulen som viktig. Både skule og foreldre er opptatt av at elevane skal ha ein bra kvardag, både i skuletida og i fritida i Bokn Kommune.*<br><br>*Rektor opplyser at heimesida til skulen skal oppdaterast og ønsker å legge referat frå FAUmøta ut her.*<br><br>*Informasjon delt ut på møtet finn de digitalt her:*<br>*http://www.fug.no/foreldreplakat-om-laering.470673.no.html*<br>*http://www.fug.no/foreldreplakat-om-inkludering.470659.no.html*<br>*http://www.fug.no/laeringsplakaten.470681.no.html*<br>*http://www.fug.no/medlem-av-fau.470662.no.html* | Rektor |

| | | |
|---|---|---|
| 2 | **Val av FAU Leiar, Nestleiar og Sekretær for 2018/2019**<br><br>***Leiar:*** *Anne Løvereide Faye*<br>***Nestleiar:*** *Tore Lund*<br>***Sekretær:*** *Anne Lisabeth Jøsang* | Vedtak Alle |
| 3 | **Datoar for møte for skuleåret 2018/19 + 2019/20**<br><br>*Det er bestemt i FAU at møte skal væra i følgjande månadar i løpet av året: Våren i Mars og Mai måned. Hausten i September og Desember.*<br><br>*Dermed er det vedtatt at me i FAU ved Bokn Skule skal ha 4 møter kvart kalenderår.* | Vedtak Alle |
| 4 | **iPad Reglement – Endring**<br><br>*Konsekvenser ved brot på reglane:*<br>*iPad vil bli inndratt med ein gong ved regelbrot og må hentast av føresette er endra til følgjande:*<br><br>*iPad vil bli inndratt med ein gong ved regelbrot.* | Vedtak Alle |
| 5 | **Sosiale tiltak i klassane**<br><br>*Rektor ønsker at FAU skal sjå på og diskutere: Sosiale tiltak i klassene, køyrereglar for bursdagsinvitasjon, beløp til gåve og tema for foreldremøte.*<br><br>*Tidlegare har foreldre vore negative til skulen og snakka negativt både til andre og til elevar. Dette kan vere eit tema som foreldrekontaktane kan snakke om på foreldremøte. Det er viktig at me snakkar positivt om skulen og minna om at om det er noko me er misnøgde med skal dette tas direkte med lærar/ leiing.*<br><br>*Det er viktig at alle foresatte i FAU tar med seg, eller melder saker til leiar i FAU innan 1. mai, slik at me kan ta dei med i neste møte.* | Ansvarleg Alle |
| 6 | **Eventuelt**<br><br>*Ønske frå leiar i FAU om ein prøveplan på ungdomsskulen, der elevane får utdelt ein plan i starten av kvart halvår for å få ein oversikt over prøvar og vurderingar for skuleåret. Dette er noko som rektor tar videre med lærarane.* | Ansvarleg Rektor |

| | | |
|---|---|---|
| | *Frustrasjon rundt mappesystemet på showbie, da det er veldig forskjelleg frå klasse til klasse korleis det ser ut. Det er eit ønske frå foreldre om at showbie blir lik for alle klassar. Dette er noko som rektor tar videre med lærarane.*<br><br>*Petra – Kan hende er Petra meir aktuell når det gjeld mellomsteget og elevane der enn for ungdomsskulen. Det er bra med fritidsaktiviteter for alle unge i Bokn Kommune, så kan hende kan også FAU hjelpe til med drift av Petra, kor ein då treng ein vaksenperson ved ulike arrangement. Om ein får mindre stønad frå kommunen, kan ei endring i inngangssummen vera ein mogeligheit.* | Ansvarleg<br>Rektor<br><br><br>Ansvarleg<br>Alle |

Referat: JLU / ALJ